

Oslo, april 2019

Produsentforeningen for Privatteatre sine innspel til Kulturmeldinga (2018-2019)

I høve møte hos Kulturdepartementet 11.mars 2019 vart vi førespurt å legge fram skriftlege punkt for kva Produsentforeningen for Privatteatre, heretter Produsentforeningen, meiner er viktige saker i samband med Meld. St 8 (2018-2019). Representantar frå Produsentforeningen som møtte var leiar Bjørn Heiseldal ved Thalia Teater og Chat Noir, og styremedlem Elina Krantz ved Stand-Up Norge og Latter.

Produsentforeningen er ein kulturell interesseorganisasjon innanfor det sceniske og musikalske området. Medlemmane består av produsentar og teater i Noreg der medlemmane har til felles at dei ikkje mottar offentlig stønad eller har plassering på statsbudsjettet. Medlemmane er representerte over heile Noreg ved teaterhus eller ute på turné.

Når Kulturdepartementet no legg fram ei Kulturmelding med ynskje å sette ei tydelig retning for kulturpolitikken i framtida, meiner vi at det særskilt må leggjast vekt på utfordringa knytt til finansiering i bransjen. I denne samanheng er det desse punkta vi vil få fram:

- Dumping av prisar på billetter ved offentlege institusjonar må opphøyrast
- Sponsoravdelingane i det offentlege lagar monopol på marknaden
- Offentlege kjøpar opp annonseringsplass i trykte media
- Anerkjenn privatteater som reell næring
- Ulike støtteordningar for det private

Dumping av prisar på billetter ved offentlege institusjonar

Dei siste åra har vi sett ein tendens til at dei offentlege teatra dumpar prisane på sine elles låge prisar. Dei legg produksjonane sine på salg til 35-50% rabatt. Vi har tidlegare vert ute og debattert repertoar, men vi akseptera at det er opp til ein kvar teatersjef å sette dette. I det private er ein avhengig av ein suksess til ein gitt utsalpris for å kunne dekke produksjonskostnadane då vi ikkje har ein statsbudsjettet-post å lene oss på. Prisane speglar vår margin. Det offentlege kan ikkje på den eine sida motta betydeleg stønad og den andre sida risikere moglegheita til konkurranse i marknaden. Kulturmeldinga (2018-2019) fremmar mangfaldet av både privat og offentlege aktørar og det verkar ynskjeleg med privat kapital og marknad.

Vi i Produsentforeningen meiner at dumping av prisar i det offentlege må opphøyrast.

Sponsoravdelingar i det offentlege lagar monopol på marknaden

Dei store offentlege kulturinstitusjonane har moglegheit til, med tung støtte, å drive egne sponsoravdelingar. Dette er noko dei fleste private aktørane ikkje har moglegheita til å etablere. Det er vanskeleg for dei private å komme seg inn i denne sirkelen. Det er dei offentlege som i stor grad har moglegheit til å ha drifte egne sponsoravdelingar og dermed både har ressursane og kapasiteten som trengs til å danne samarbeid med dei store aktørane. NRK har forbod mot reklame som eit vern for TV2, ein burde sett på ein liknande løysning for vår bransjen når det kjem til sponsor.

Offentlege kjøpar opp annonseringsplass i trykte media

Dei offentlege kulturinstitusjonane reserverer og kjøper opp hovudannonseringsplassen i trykte media i lang framtid. Vi synst det er problematisk at ein kan akseptere slike langsiktige oppkjøp og dermed redusere dei private aktørane sin moglegheit for annonsering.

Anerkjenne privatteater som reel næring

Det blir snakka mykje om privat kapital inn i kulturverksemder, men lite om privatteater som næring i seg sjølv. Det som skapast og visast ut til vårt publikum er ei næring i seg sjølv. Utan nødvendigvis private eller offentlege pengar inn er det private teater ei kulturell næring.


Ulike støtteordningar for det private

Sjølv om dei private teatera og produsentane primært skal operere og ha si verksemd utan støtte, hadde det vore ønskeleg med ulike ordninga som var lett å søke på. Dette kunne ha bidratt til at vi hadde møtt den sosiale profilen og tilrettelegginga som er i bransjen.

Dette kan til dømes vere ein ordning der ein kan søke støtte til større investeringar eller installasjonar for å tilrettelegging for større inkludering på våre produksjonar og teater. Det er for eksempel få private som har moglegheit til å investere i teleslynge ved sine scener. Ei anna ordning som også hadde vore ønskeleg er moglegheit for å få støtte til å rabattar prisar til særskilte grupper, om det er til dei med ledsagarbevis, studentar eller pensjonistar.

Frida Aven Høstaker, 24.04.2019

Sign.



Bjørn Heiseldal
Leiar